

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
	Ungdomsråd	PS	
020/23	Formannskapet	PS	29.03.2023
023/23	Heradsstyret	PS	12.04.2023

Saksbehandlar	ArkivsakID
Linda Judith Svidal Nordås	23/623

Retningslinjer for etablering av flyktingar

Vedlegg:

Retningslinjer for etablering

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Retningslinjene vert vedteke slik dei ligg føre.

Formannskapet - 020/23

FS - behandling:

Formannskapet ønskjer å invitere Osterøy integrerings- og læringssenter (OIL) til neste formannskapsmøte for orientering om handteringen av flyktingar.

AVRØYSTING:

Samrøystes vedteke

FS - vedtak:

Retningslinjene vert vedteke slik dei ligg føre

Heradsstyret - 023/23

HS - behandling:

Framlegg og avrøysting kjem fram i voteringsprotokollen som ligg ved nedst i den samla møteprotokollen.

HS - vedtak:

Retningslinjene vert vedteke slik dei ligg føre.

Saksopplysningar:

Saksopplysningar:

Rådmannen vurderer at det er behov for kommunalt vedtak for

- Etableringspakkar til flyktingar, det vil sei kva møblar og inventar som skal vere i bustad ved busetting på Osterøy.

- Korleis ein skal sikre støtte til livsopphald dei første månadane etter busetting, og kva som er nødvendig at ein nybusett flyktning får bistand til å få på plass for å sikre eit godt kvalifiseringsløp.
- Kva som skal dekkast medan flyktningen er i introduksjonsprogram og dermed lever under fattigdomsgrensa over tid.

Retningslinjer for etablering har eit hovudfokus, og det er kvalifisering. Alle utgiftsdekningar vert gjort for at det skal auke sjansen for at flyktningen kjem i arbeid og utdanning raskast mogeleg. Dette er i tråd med formålsparagrafen til Integreringslova (§ 1):

«Formålet med loven er at innvandrere tidlig integreres i det norske samfunnet og blir økonomisk selvstendige. Loven skal bidra til at innvandrere får gode norskkunnskaper, kunnskap om norsk samfunnsliv, formelle kvalifikasjoner og en varig tilknytning til arbeidslivet.»

Utarbeidinga av retningslinjene har skjedd i nært samarbeid med NAV Osterøy, og det er deira retningslinjer og rutine etter sosialtenestelova som ligg til grunn. Dette fordi flyktningar på Osterøy først og fremst er innbyggjarar på Osterøy, og det er viktig at vi har ei likeverdig tilnærming til innbyggjarar som er nyleg innflytta, uavhengig av om dei har flyktningstatus eller ikkje.

Bakgrunn

Etableringspakker

Når ein vert busett på Osterøy med flyktningstatus, varierer det i stor grad kor mykje ein har med seg. Nokre kjem i sandalar og kjole vintersdagen, og har ingen bagasje. Andre kjem med eit par koffertar med klede og diverse. Dette er venta, og integreringstilskotet kommunen får skal dekke grunnleggande etableringspakkar med møblar, inventar, samt klede og anna utstyr ein har behov for, for å kunne bu og leve i Norge.

Ventestønad

Ventestønad er eit omgrep som vert nytta av fleire kommunar for å skildra den økonomiske støtta nybusette flyktningar får, i perioden frå busetting og fram til dei har opparbeidd seg rett til sin første utbetaling med introstønad. I Osterøy kommune er denne perioden på 2, 5 til 4, 5 månader. Før ein flyktning kan starte i introduksjonsprogram, er det ein del kartlegging og grunnleggande opplæring som må gjennomførast før oppstart kan skje. Dette tek mellom 1 og 3 månader, og det er ulike faktorar som påverkar kor lang tid det tek. Oppstartsdato er alltid 1. i ein måned. Det er lovpålagt at all utbetaling skal skje etterskotsvis. Osterøy kommune betaler ut lønn og stønad 12. kvar måned. Dette medfører at minumstid på ventestønad er 2,5 månader, og maksimumstid er 4,5 månader.

Personar som er 55 år eller eldre, vil ha ventestønad i inntil eit år. Disse har ikkje automatisk rett til introduksjonsprogram, men dei i alderen 55 til 67 år vil få ein individuell vurdering om introduksjonsprogram er hensiktsmessig.

Ventestønad betyr støtte til livsopphald, det vil sei støtte til mat og nødvendige hygieneartiklar. Vidare er det støtte til husleige, straum, innbuforsikring, kommunikasjon og andre nødvendige og grunnleggande utgifter ein har. Her brukar ein det same regelverket som NAV Osterøy brukar, og satsane er nasjonale sosialhjelpssatsar. Satsane for ventestønad vert justert når sosialhjelpssatsar vert justert nasjonalt og lokalt.

Ventestønad erstattar vedtak etter sosialtenestelova. Osterøy integrerings- og læringscenter har ikkje mandat til å fatte vedtak etter denne lova. Det er vurdert som mest hensiktsmessig for den enkelte flyktning å forholde seg til færrast mogeleg system rett etter busetting, og difor ynskjer Osterøy kommune å kunne fatte vedtak om utbetaling via eit lokalt reglement framfor nasjonale lovverk.

Introduksjonsprogrammet

Introduksjonsprogrammet er eit lovpålagt kvalifiseringstiltak for flyktningar. Dette er dei pålagt å delta i, med ein varigheit på frå 6 månader og opp til 2 år, alt etter førehandskompetanse. For aldersgruppa 55 – 67 vert ein tilbydd introduksjonsprogram etter individuell vurdering. Personar over 67 år har ikkje rett til introduksjonsprogram.

Fattigdomsgrensa i Norge er på kroner 237.600 kroner i året etter skatt. På introduksjonsprogrammet får ein utbetalt 2 G, per i dag er det kroner 222 954 før skatt. Personar med venta opphald i Norge i 12 månader eller mindre har ikkje rett til barnetrygd. Dette betyr at det per i dag er ingen Ukrainarar som har fått innvilga søknad om barnetrygd. Osterøy kommune vurderer det difor som formålstenleg å gå inn med enkle målretta tiltak for å sikre at nybusette flyktningar, uavhengig av statsborgarskap og heimland, ikkje vert fanga i ei langvarig fattigdomsfelle før dei er tilstrekkeleg kvalifisert til å gå ut i arbeid eller utdanning.

Alle introduksjonsprogram skal vere tilpassa den enkelte. Det betyr at ein må kartlegge kva formell kompetanse flyktingen har via å sette over relevante papir denne har med seg. Frå tid til anna er det behov for å kjøpe kvalifiseringstiltak frå andre kommunar og andre tilbydarar. Dette blir regulert i reglementet for å sikre likeverdig behandling. I tillegg gjev ein tilskot slik NAV gjer med deltakarar i deira kvalifiseringsprogram.

Vurdering

Folkehelse

Målet er å forhindre at nybusette flyktningar går rett i fattigdomsfella utan nokon reell mogelegheit til å komme seg ut av denne.

Miljø

Ikkje vurdert.

Økonomi

Utgiftene er i hovudsak budsjettetert i 2023 i tråd med vedlagte reglement. Samtidig er det ein viss usikkerheit ved tala.

Konklusjon

Det er ynskjeleg at det vert gjort ein vedtak om disse retningslinjene for å forankre rettar til den enkelte flykting i den komonale forvaltninga.